

Strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune


Dette vil vi: Den heilskaplege innsatstrappa og bustadtrappa skal vere det felles strategiske rammeverket for berekraftig tenesteutvikling i Sula kommune

Slik gjer vi det:

- Vi skal sikre at strategien er godt forankra saman med dei øvrige strategiene og planane i kommunen sitt plansystem, slik at dei bidreg til ønska samfunnsutvikling i kommunen
- Vi, både tilsette og politikarar, skal ta utgangspunkt i den *heilskaplege innsatstrappa og bustadtrappa som grunnlag* for alle større tiltak og satsingar som kommunen skal gjennomføre når det gjeld tenesteutvikling
- Vi skal *kommunisere til innbyggjarane* kva for tenester kommunen har, og *gi realistiske forventningar* ved å tydeleggjere politisk, til tilsette og innbyggjarar kva som er kommunen sitt ansvar og kva som er innbyggjarane sitt ansvar
- Vi skal videreutvikle kultur og kompetanse for *samskaping og innbyggardialog* (med næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og innbyggjarar)



Sula kommune sitt plansystem



Den heilskaplege innsatstrappa og bustadtrappa i Sula kommune

Heilskapleg bustadtrapp

Trinn 6: Institusjon og butilbod med forsterka tiltak
Ordinære og spesialiserte plassar på institusjon og spesialiserte butilbod

Trinn 5: Bustader med moglegheit for døgntenester
Samlokaliserte bustader med personalbase og fellesfunksjonar

Trinn 4: Tidsbegrensa opphald i bustad og institusjon
Rehabilitering, KAD og avlastning, treningsbustader

Trinn 3: Bustader med fellesfunksjonar og kommunalt disponerte bustader
Nye buformer, samlokaliserte bustader med moglegheit for tenester. Utleigebustader og bustader med kommunal tilvising og tildelingsrett

Trinn 2: Ueigna private bustader
Ikkje universelt utforma utan tilgang på fellesfunksjonar og senterfunksjonar i nærleiken (eigd eller leigd)

Trinn 1: Egna private bustader
Universelt utforma med tilgang på fellesfunksjonar og senterfunksjonar i nærleiken (eigd eller leigd)

Heilskapleg innsatstrapp

Døgnbemanna bustader og institusjon – spesialiserte plassar
Eg får spesialisert butilbod med forsterka tiltak om eg treng det

Langtidsopphald i institusjon
Individuelt tilpassa omsorg, medisinsk oppfølging og behandling

Bustader med moglegheit for døgntenester
Eg får tilbod om samlokaliserte bustader med personalbase og fellesfunksjonar

Tidsavgrensa opphald
Eg får tidsavgrensa opphald i fosterheim og institusjon om eg treng det

Bustader med fellesfunksjonar
Eg har tilgang til ulike buformer

Helsehjelp i eigen heim
Eg får målretta, fleksible og tidsavgrensa tiltak når eg treng det

Leve godt i eigen heim
Eg og familien min får praktisk opplæring, bistand og habilitering slik at eg kan leve godt i eigen heim

Kommunalt disponerte bustader
Eg får ein trygg heim når eg treng og har krav på det

Meiningsfull og inkluderande kvardag
Eg får individuell tilrettelagt opplæring, aktivitet og arbeid om eg treng det

Meistring i kvardagen
Eg tek grep for å meistre kvardagen

Helsefremmande og førebyggjande aktivitet
Eg er aktiv og gjer gode val

Ein attraktiv og inkluderande kommune
Her vil eg leve og bu

Tverrfagleg innsats, førebyggjande tiltak, tilrettelegging av bustad, velferdsteknologi mv.



Strategi for heilskapleg innsats i Sula kommune

Dette vil vi: Sula kommune skal legge til rette for at alle innbyggjarar kan meistre eigen kvardag

Slik gjer vi det:

- Vi skal *vidareføre og styrke heimetenestene*, og satse på førebygging og rehabilitering, slik at innbyggjarar kan bu heime lengst mogleg
- Vi skal *samordne og vidareutvikle tildelingsfunksjonen* slik at innbyggjarane opplever den som samanhengande, heilskapleg og godt koordinert (éi dør inn)
- Vi skal gi *råd og rettleiing* tidlegare, før vedtak om tenesteyting og hjelp, for å unngå og utsette behov for kommunale tenester
- Vi skal styrke satsinga på *ambulante helse- og omsorgstenester* for å redusere behovet for døgntenester
- Vi skal satse vidare på *tidleg innsats og auka meistring* for barn og unge
- Vi skal satse meir på *gruppetilbod* retta mot dei vanlegaste utfordringane innbyggjarane har ved å redusere veksten i tal på enkeltvedtak
- Vi skal utnytte *digitale løysingar* for å tilby framtidretta tenester (digitalt førsteval)
- Vi skal vidareutvikle velferdstenester med eit *brukarorientert og aldersvennleg perspektiv*
- Vi skal sikre ein fleksibilitet i tenestene slik at vi tilbyr *rette tenester tilpassa den enkelte innbyggjar sitt behov*

